

**Fra:** Heidi Handeland <Heidi.Handeland@hfk.no>  
**Sendt:** 4. august 2014 14:11  
**Til:** 'Kenth Myhre'  
**Kopi:** Postmottak Lindås; Riksantikvaren  
**Emne:** Vedrørende førespurnad om vielse 16 Aug. 2014 på Håkonshaugen, Seim i Lindås kommune

Hei,

Vi syner til førespurnad nedanfor, samt telefonsamtale 04.08. vedrørende ønskje om vielse på Håkonshaugen i Lindås kommune. Slik vi forstår førespurnaden, er det berre sjølve vielsen som skal finne stad på Håkonshaugen, medan påfølgjande fest skal føregå annan stad. Håkonshaugen er å rekne som eit automatisk freda kulturminne etter §4 i kulturminnelova. Så fremt ein ikkje utfører inngrep i marka, eller aktivitet som er egna til å øydeleggje, skade eller utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminnet, jf §3 i kulturminnelova, ser vi ikkje kulturminnefaglege grunnar for at vielse ikkje skal kunne føregå på haugen 16. august 2014. Ettersom ein i dette tilfellet kun skal medbringe enkelt flyttbare fasilitetar, ser vi ikkje trong for at saka må handsamast som ein dispensasjon etter kulturminnelova §8, 1. ledd.

Vi minner om at aktiviteten òg må avklarast med grunneigar på staden.

Vi ønskjer lukke til og framleis god sommar.

Venleg helsing

**Heidi Handeland**

spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | seksjon for kulturminnevern og museum



Tlf: 55 23 91 72 | Mob: 481 89 525

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Kenth Myhre [<mailto:kenmyh@hotmail.com>]

**Sendt:** 4. august 2014 12:50

**Til:** Heidi Handeland

**Emne:** Vielse 16 Aug. 2014

Hei vi ønsker å vie oss på Håkonshaugen den 16 Aug. 2014 kl 15:00

Det vil ikke bli bringt opp utstyr utover et elpiano, og kommer da til å bruke stedet slik det er. Vi er ca 40 personer som kommer til vielsen. Det vil også bli bringt med 2 stoler og et bord for signering av vielsepapirer.

Mvh Kenth Myhre